

INNKALLING TIL MØTE I FORSKINGS- OG FORMIDLINGSUTVALET

TYSDAG 21. NOVEMBER 2017 kl. 14.15 – 16.00

Stad: Rom 301 HF-bygget

Innkalt: Eike Schnall (leiar), Gjert Kristoffersen, Henning Laugerud, Christine Hamm, Erik Bjerck-Hagen, Gunnstein Akselberg, Synne Ytre Arne og Sunniva P. Johansen.

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I Godkjenning av innkalling
 - II Framlegging av referat frå møtet 26.9.2017 ([lenke til referatet](#))
-
- 20. Føringer for forskargruppene og samlingane sine årsrapportar – diskusjonssak
 - 21. Handlingsplan for forskarutdanning ved LLE – diskusjonssak
 - 22. Orienteringssaker:
 - a) Status for arbeidet med vurdering av søkjarar til 4 stipendiatstillingar
 - b) Open access – Orientering frå [Universitetsbiblioteket sitt seminar 26. oktober om open tilgang til forskning.](#)
 - c) [Frihumsum 2018](#) er lyst ut: Søknadsfrist 25. april.
 - d) Orientering om aktiviteten i dei lokale forskarskulane
Orientering v/Erik Bjerck-Hagen og Gunnstein Akselberg
 - e) Orientering om status for arbeidet med handlingsplan for forskning.
 - f) Orientering om tilsetting i postdoktorstillingar
 - g) Orientering om arbeidet i mellomalderklynga
 - 23. Ymse

16.11.2017 ABA

SAK 20 Føringer for forskargruppene og samlingane sine årsrapportar – diskusjonssak

Under handsaminga av Årsrapportane for forskargruppene og samlingane for 2016, sak 1, møtet 3. februar, vart det etterlyst ein fastare mal for årsrapportane for å sikra at dei vert meir like i forma.

Til orientering vert lagt ved bestillinga om årsrapportar som leiarane av forskargruppene og samlingane fekk pr. e-post 1. desember:

- Forskergruppens leder pr. 1. desember 2016.
 - Forskergruppens øvrige medlemmer, fordelt på seniorforskere, postdoktorer, stipendiater og eventuelt masterstudenter.
 - Forskergruppens aktiviteter i 2016.
 - Mottatt støtte (småforsk eller instituttmidler), og bruken av disse.
 - Eventuelle publikasjoner som er knyttet til forskergruppens aktiviteter.
 - Eventuelle søknader om eksterne prosjektmidler som knyttet til forskergruppens aktiviteter
 - Dersom forskergruppen er avvirket, ber vi om en sluttrapport.
 - Forskergruppens planer for 2017.
- Rapporter, maksimalt 2 sider, sendes som vedlegg til havard.peersen@lle.uib.no, senest onsdag 11. januar 2017.

SAK 21 Handlingsplan for forskarutdanning ved LLE – diskusjonssak

På møte i FFU 14. juni 2017 vart det vedteke å setja ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeida utkast til handlingsplan for forskarutdanning ved LLE (sak 12/17). Desse personane har vore med i arbeidsgruppa:

Jens Eike Schnall, førsteamanuensis, norrøn filologi, leiar
Erik Bjerck-Hagen professor, allmenn litteratur
Henning Laugerud, førsteamanuensis, kunsthistorie
Sunniva Petersen Johansen, stipendiat, nordisk fagdidaktikk
Juliane Tiemann, stipendiat, norrøn filologi
Anne Berit Apold, ph.d.-koordinator, skrivar

Gruppa har hatt i alt fire møter, 12. september, 26. september, 17. oktober og 7. november.

Utkast til handlingsplan vert lagt fram for diskusjon i FFU. Målet er at forslag til handlingsplan kan godkjennast på sirkulasjon i FFU seinare i november, og deretter handsamast i IR 30.11.2017.

Vedlegg:

Utkast til handlingsplan for forskarutdanning.

Handlingsplan for forskarutdanning ved LLE 2016 - 2022

Nye tiltak / auka fokus:

1. Tilknytning til aktiv forskargruppe frå starten av

(sikrast m.a. via "startsamtale", med kandidat, rettleiar, forskingsleiar, forskingsadmin.)

2. Tidleg presentasjon av ph.d.-prosjekt for forskargruppene

(sikrast av rettleiar)

3. Medarbeidarsamtalar (karriereplanlegging, mål og framdrift i det faglege arbeidet; forskingsleiar)

4. Utvikling av rutinar for 1-års-møte

(eit møte med hovudfokus på ph.d.-prosjekt, dvs. fagleg diskusjon på grunnlag av innlevert tekst, samt tematisering av mogleg publisering i ph.d.-fasen, internasjonalisering, pliktarbeid, administrative aspekt; sikrast av forskingsleiar)

5. Vidareutvikling av midtvegsevaluering; større fagleg tyngde

6. Utvikling av retningslinjer for pliktarbeidet (fokus på føreseieleg, føremålstenleg pliktarbeidsløp og jamn fordeling; sikrast av forskingsleiar)

Innleiing

Merknad [Office1]: Legg inn statistikk frå 2007-2017

I strategisk plan for LLE 2016 – 2022, som vart vedteken av Institutttrådet 21. januar 2017, er det eit mål å tilby forskarutdanning på høgt internasjonalt nivå som sikrar kandidatane akademisk utvikling og gjennomføring på normert tid. FFU vart beden om å følgja opp strategien ved å utarbeida ein handlingsplan for forskarutdanning ved instituttet. FFU drøfta saka på møte 28. mars, og det var semje om at det er særskilt viktig å sjå nærare på tilrettelegging for utanlandsopphald for ph.d.-kandidatane, integrering av ph.d.-kandidatane i fagmiljøa og kva ansvar forskargruppene og dei lokale forskarskulane har for forskarutdanninga ved instituttet.

På møte i FFU 14. juni 2017 vart det vedteke å setja ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeida utkast til handlingsplan for forskarutdanning. Desse personane har vore med i arbeidsgruppa:

Jens Eike Schnall, førsteamanuensis, norrøn filologi, leiar
Erik Bjerck-Hagen professor, allmenn litteratur
Henning Laugerud, førsteamanuensis, kunsthistorie
Sunniva Petersen Johansen, stipendiat, nordisk fagdidaktikk

Juliane Tiemann, stipendiat, norrøn filologi
Anne Berit Apold, ph.d.-koordinator, skriver
Gruppa har hatt i alt fire møter, 12. september, 26. september og 17. oktober.

Arbeidsgruppa har sett på [UiB sin handlingsplan for forskarutdanning \(for perioden 2016-2022\)](#) som har følgjande sentrale innsatsområder; rekruttering og akademisk utvikling, karriereutvikling for doktorgradskandidatar, doktorgradsrettleiing, internasjonalisering og innovasjon. Medan UiB sin handlingsplan legg vekt på aktivitetar som skal følgjast opp av dei sentraladministrative einingane og fakulteta, må me på LLE utarbeid delmål og tiltak som kan gjennomførast ved instituttet og bidra til at instituttet når måla i instituttet sin strategi for forskarutdanning.

LLE sin strategi for forskarutdanning er formulert slik:

Mål: tilby forskarutdanning på høgt internasjonalt nivå som sikrar kandidatane akademisk utvikling og gjennomføring på normert tid

- *LLE tilbyr eit attraktivt forskarutdanningsmiljø både for nasjonale og internasjonale forskarrekruttar.*
- *LLE kvalifiserer kandidatar til forskarutdanninga gjennom mastergraden og motiverer dei beste studentane på lågare grad til å halde fram med ein doktorgrad.*
- *Ph.d.-kandidatane får tilbod om god fagleg og sosial integrasjon, både når det gjeld opplæringsdelen og arbeidet med avhandlinga, gjennom tett samarbeid mellom rettleiar, forskargrupper og forskarskulane ved instituttet.*
- *Instituttet oppmuntrer til, og hjelper til med å organisere, lengre utanlandsopphald for ph.d.-kandidatane. Kandidatane får også hjelp til å etablere annan kontakt med internasjonale forskingsmiljø.*
- *Alle ph.d.-kandidatar får tilbod om minst éin hovudrettleiar og minst éin siderettleiar. Rettleiarane får tilbod om tilrettelagd opplæring.*
- *LLE legg til rette for aktiv karriereplanlegging for ph.d.-kandidatar og legg vekt på å synleggjere arbeidslivsrelevansen ved ph.d.-graden.*

Disposisjon:

- 1) Rekruttering av nye stipendiatar
- 2) Fagleg og sosial integrasjon
- 3) Karriereutvikling
- 4) Internasjonalisering, nettverksbygging
- 5) Rettleiing og institusjonell oppfølging
- 6) Pliktarbeid

1. Rekruttering av nye stipendiatar

LLE tilbyr eit attraktivt forskarutdanningsmiljø både for nasjonale og internasjonale forskarrekruttar. LLE kvalifiserer kandidatar til forskarutdanninga gjennom mastergraden og motiverer dei beste studentane på lågare grad til å halde fram med ein doktorgrad.

LLE jobbar kontinuerleg for at masterkandidatane våre får ei god oppfølging samtidig med at utlysingane blir systematisk og målretta kunngjort for potensielle utanlandske søkjarar. LLE arbeider for å få inn søknader på høgste faglege nivå.

Tiltak:

- (1) Interne masterkandidatar får informasjon om ph.d.-løpet (via informasjonsskriv, årlege møte - institutt, forskingsleiing, rettleiar). Gode kandidatar blir oppmuntra om å søkja, og dei får rettleiing med å førebu ein konkurransedyktig søknad (rettleiar, fagmiljø).
- (2) Utlysingane vert spreidd i dei faglege nettverka, via mediale nettverk (facebook) og via internasjonale mailinglister (alle vitskaplege tilsette, oppfølging: institutt).
- (3) LLE satsar på kjapp søknadshandsaming for ikkje å mista dei beste søkjarane.
- (4) LLE satsar på betre internasjonal rekrutteringa (fokus t.d. på søknads-/publikasjonsspråk, søking med eigne midlar / overhead-problematikk; institutt).

2. Fagleg og sosial integrasjon

Ph.d.-kandidatane får tilbod om god fagleg og sosial integrasjon, både når det gjeld opplæringsdelen og arbeidet med avhandlinga, gjennom tett samarbeid mellom rettleiar, forskargrupper og forskarskulane ved instituttet.

Instituttet arbeider for at kandidatane skal verta godt integrerte i fagmiljøet og at fleire enn rettleiarane skal kjenna ansvar for kandidatane. Kandidatane skal vera knytt til ei aktiv forskargruppe.

Tiltak:

- Kandidaten vert introdusert for tilsette i fagmiljøet dei fyrste dagane av doktorgradsperioden (rettleiar)
- Forskargruppe tilknytning skal vera eit sentralt tema tidleg i kandidaten sin doktorgradsperiode og dette vert tatt opp i «startsamtale» med kandidat og rettleiar (forskingsleiuar)
- Kandidaten vert introdusert for aktuell forskargruppe (rettleiar)
- Tilknytning til forskargruppe vert følgt opp og registrert i det administrative systemet (adm) og det vert følgt opp under kandidaten si midtvegsevaluering.

- Kandidaten presenterer prosjektet sitt for forskargruppa tidleg i doktorgradsperioden (kandidat, rettleiar)
- Informasjon om forskargruppene skal vera tilgjengeleg på forskargruppene sine nettsider

LLE legg til rette for at doktorgradskandidatane har fagelge og sosiale møteplassar seg i mellom.

- Oppretthalda lokale forskarskular (instituttleiinga)
- Sikra at kandidatar og rettleiarar er kjent med aktiviteten i forskarskulane. (adm)

3. Karriereutvikling

LLE legg til rette for aktiv karriereplanlegging for ph.d.-kandidatar og legg vekt på å synleggjere arbeidslivsrelevansen ved ph.d.-graden.

3.1. Rettleiing og individuelle karriereutvikling

LLE arbeider for optimale rettleiingsforhold med tanke på både avhandlinga og karriereutvikling.

Tiltak:

(1) LLE følgjer opp stipendiatane sine forskings- og karrieremål og sikrar at dei får råd om karriereplanlegging, publikasjonsstrategi og tidsplanlegging. Dette skjer både i ramme av rettleiinga (ansvar: rettleiarane), rapportering / midtvegsevaluering og medarbeidarsamtaler (forskingsleiar)

3.2. Prosjektutvikling og søknader

LLE førebur stipendiatane på neste karrieresteg.

Tiltak:

(1) LLE støtter tidleg planlegging av og søknader for neste karrieresteg. Stipendiatane får hjelp og trening (ansvar: rettleiar, forskargruppene, forskarskulane, forskingsleiing).

(2) LLE informerer stipendiatane om relevante utlysingar og fristar, t.d. i form av regelmessige nyheitsbrev (ansvar: forskingsadministrasjon).

3.3. Forsking og publisering

LLE støtter og legg til rette for tidleg publisering av forskingsresultat i artiklar slik at stipendiatane har betre sjansar når dei søker stillingar eller prosjekt etter stipendiatperioden. Premissen er at stipendiaten si gjennomføring ikkje må setjast i fare. Dette betyr ikkje press på å skriva artikkelbaserte avhandlingar.

Tiltak:

- (1) LLE opprettheld ordninga med å allokera driftsmidlar til stipendiatane.
- (2) LLE legg til rett for presentasjon av forskinga i forskargruppene på eit tidleg stadium slik at medlemmane vert kjende med prosjektet og kan hjelpe stipendiatane med å etablere kontaktnett og gje feedback og tips om konferansar (ansvar: forskargruppene)
- (3) Med tanke på kva som er fordelaktig for stipendiaten hjelper LLE med valet av (poenggeivande) vitskaplege tidskrift og forlag (ansvar: forskargrupper, forskarskuler, rettleiar).
- (4) LLE støtter sampublisering, t.d. med erfarne forskarar så som rettleiaren og internasjonale forskarar (ansvar: rettleiar).

4. Internasjonalisering, nettverksbygging

Instituttet oppmuntrar til, og hjelper til med å organisere, lengre utanlandsopphald for ph.d.-kandidatane. Kandidatane får også hjelp til å etablere annan kontakt med internasjonale forskingsmiljø.

LLE jobbar for at alle stipendiatane har relevant utanlandserfaring og at dei er med i internasjonale faglege nettverk seinast ved slutten av stipendiatperioden.

Tiltak:

- (1) LLE gjør stipendiatane bevisste om fordelane ved eit semester ute og motiverer dei til å reisa ut. LLE informerer på oversiktleg måte om fristar og eksisterande internasjonale nettverk og om mogelegheiter for å søkja om økonomisk støtte (ansvar: forskingsleiing / forskingsadministrasjon, forskargrupper, forskarskuler).
- (2) LLE støtter tilsvarande planar og følgjer dei systematisk opp gjennom målretta informasjon (ansvar: rettleiarar, forskingsleiing, forskarskuler).
- (3) LLE oppmuntrar stipendiatane om å reisa ut i ramme av lærarutveksling (t.d. ERASMUS) og opnar for at slike opphald kan inngå i pliktarbeidet.

(4) LLE jobbar for at utanlandsopphald er lagd inn i framdrifts- og pliktarbeidsplanane til alle stipendiatane (ansvar forskingsleiar / forskingsadministrasjon).

5. Rettleiing og institusjonell oppfølging

Alle ph.d.-kandidatar får tilbod om minst éin hovudrettleiar og minst éin siderettleiar. Rettleiarane får tilbod om tilrettelagd opplæring.

Instituttet oppmodar ph.d.-kandidatane om å ha fleire rettleiarar, og instituttet held fram med å arbeida for at alle ph.d.-kandidatane har siderettleiar(ar).

Tiltak:

- Ta opp temaet med siderettleiar med kandidat og hovudrettleiar tidleg i doktorgradsperioden, samt informera om at hovudrettleiar har ansvar for å sikra at samarbeidet med siderettleiar fungerer (forskingsleiar)
- Oppretthalda ordninga med at instituttet betalar honorar dersom det er gode faglege grunnar til at doktorgradskandidaten bør ha ekstern siderettleiar (instituttleiinga)

Instituttet støttar opp om opplæring for rettleiarane og legg til rette for fokus på rolla som rettleiar.

Tiltak:

- Informera om og oppmoda rettleiarar om å ta relevante kurs/e-læringskurs om rettleiing for doktorgradskandidatar (forskingsadministrasjon)
- Skipa til *Rettleiarforum* ved LLE minst ein gong per semester for å setja søkjelys på rettleiing og ha ein lokal møteplass der rettleiarar kan utveksla erfaringar (FFU)

Ved instituttet skal ein i alle ledd gjera sitt beste for at kandidatane kan levera avhandlinga på normert tid. Rettleiar(ar), fagmiljø/forskargrupper, instituttleiing og administrasjon støttar kandidaten for å nå dette målet og bidreg til oppfølging av kandidaten si framdrift.

Tiltak:

- Kandidaten sitt prosjekt vert kvalitetssikra tidleg i kandidaten sin doktorgradsperiode (kandidat og rettleiar)
- Kandidaten presenterer prosjektet for fagmiljøet/forskargruppa tidleg i doktorgradsperioden (rettleiar, forskargruppa/fagmiljø)
- LLE sikrar god oppfølging av den årvisse framdriftsrapporteringa (forskingsleiar, adm)
- Utvikling av rutinar for 1-års-møte med hovudfokus på ph.d.-prosjekt, fagleg diskusjon av innlevert tekst (framlegg: om lag 25 sider). I tillegg tematisering av

mogleg publisering i ph.d.-fasen, internasjonalisering, pliktarbeid, administrative aspekt. Deltakarar i 1-årsmøte: ph.d.-kandidaten, rettleiar, vitskapleg tilsett frå relevant fagområde, forskingsleiar og administrativ tilsett (forskingsleiing)

- Utvikla midtvegsevalueringa slik at ho vert meir fagleg tyngde (forskingsleiing). Midtvegsevaluering vert gjennomført halvvegs i avtaleperioden.
- Medarbeidarsamtalar med stipendiatane (forskingsleiar)
- Møte med kandidat og rettleiar 3 månader før doktorgradsperioden går ut for å sikra «flyt» i sluttfasen av prosjektet.
- LLE arbeider for at alle stipendiatane får høve til å ha meisterklasse.

6. Handtering av pliktarbeidet for stipendiatar

Instituttet arbeider for at stipendiatane sitt pliktarbeid vert lagt opp slik at det ikkje kjem i vegen for at stipendiatane kan gjennomføra på normert tid, samt sikre at pliktarbeidet vert opplevd som karrierefremjande og rettferdig.

Tiltak:

- Sikra at det vert laga ein gode plan for pliktarbeidet tidleg i stipendiaten sin tilsettingsperiode. Planen skal lagast i samråd mellom kandidat, rettleiar og fagkoordinator og godkjennast av instituttet v/forskingsleiar (forskingsleiar, adm.)
- Utvikle liste med «moment» som kan vera nyttige for både fagmiljø, kandidat og rettleiar i planlegginga av stipendiaten sitt pliktarbeid (FFU).
- Utvikla retningslinjer med tanke på å sikra at kandidatar får lik utteljing i pliktarbeidet på tvers av faga ved instituttet (FFU).
- Utvikla system for rapportering av pliktarbeid for stipendiatar (adm)

INNSATSOMRÅDER FOR Å NÅ LLE SINE STRATEGISKE MÅL FOR FORSKARUTDANNING 2016 - 2022

LLE skal tilby forskarutdanning på høgt internasjonalt nivå som sikrar kandidatane akademisk utvikling og gjennomføring på normert tid

Rekruttering av nye stipendiatar

Innsatsområde	Hovudaktivitetar	Ansvarleg
Oppfølging av LLE sine masterkandidatar Systematisk kunngjoring av ph.d.- utlysingar nasjonalt og internasjonalt Målretta rekruttering på høgste faglege nivå	Interne masterkandidatar får informasjon om ph.d.- løpet, gode kandidatar blir oppmuntra om å søkja, og dei får rettleiing med å førebu ein konkurransedyktig søknad.	Institutt Fagmiljø Forskingsleiar Forskingsadm.
	Utlysingane vert spreidd via faglege nettverk, sosiale medium (facebook) og internasjonale mailinglister. Særleg fokus på toppkandidatar.	Institutt Vitskapleg tilsette
	Kjapp søknadshandsaming for ikkje å mista dei beste søklarane.	Institutt
	Betre internasjonal rekrutteringa (fokus t.d. på søknads-/publikasjonsspråk, søking med eigne midlar / overhead-problematikk)	Institutt

Fagleg og sosial integrasjon

Innsatsområde	Hovudaktivitetar	Ansvarleg
Integrering i fagmiljøet Tilknytning til forskargruppe	Introdusera kandidaten for tilsette i fagmiljøet	Rettleiar
	Ta opp forskargruppetilknytning i «startsamtale» med kandidat og rettleiar	Forskingsleiar
	Introdusera kandidaten for aktuell forskargruppe	Rettleiar
	Registrera kandidaten si tilknytning til forskargruppe i det administrative systemet	Forskingsadm.
	Kandidaten presenterer prosjektet sitt for forskargruppa tidleg i doktorgradsperioden	Rettleiar Forskargruppeleiar
	Informera om aktivitetene i forskargruppene på gruppene si nettside	Forskargruppeleiar

Karriereutvikling

Innsatsområde	Hovudaktivitetar	Ansvarleg
Rettleiing og individuelle karriereutvikling	Oppfølging av stipendiatane sine forskings- og karrieremål, råd om karriereplanlegging, publikasjonsstrategi og tidsplanlegging. Dette skjer både i ramme av rettleiinga (ansvar: rettleiarane), rapportering / midtvegsevaluering og medarbeidersamtaler (forskingsleiar)	Rettleiar Forskingsleiar
Prosjektutvikling og søknader	LLE støtter tidleg planlegging av og søknader for neste karrieresteg. Stipendiatane får hjelp og trening	Rettleiar Forskingsleiar Forskarskular Forskargrupper
	Informasjon om relevante utlysingar og fristar, t.d. i form av regelmessige nyheitsbrev	Forskingsadm.
Forskning og publisering	LLE opprettheld ordninga med å allokera driftsmidlar til stipendiatane	Instituttet
	Forskargruppemedlemene vert tidleg kjende med ph.d.-prosjekta og kan hjelpa stipendiatane med å etablere kontaktnett og gje feedback og tips om konferansar	Forskargrupper
	Hjelp med valet av (poenggjevande) vitenskaplege tidskrift og forlag (med tanke på kva som er fordelaktig for stipendiaten)	Rettleiar Forskarskular Forskargrupper
	LLE støtter sampublisering, t.d. med erfarne forskarar så som rettleiaren og internasjonale forskarar	Rettleiar Forskargrupper

Internasjonalisering

Innsatsområde	Hovudaktivitetar	Ansvarleg
Utanlandserfaring og internasjonale nettverk	LLE gjør stipendiatane bevisste om fordelane ved eit semester ute og motiverer dei til å reisa ut. Oversiktleg informasjon om fristar og eksisterande internasjonale nettverk og om mogelegheiter for å søkja om økonomisk støtte	Forskingsleiar Forskingsadm. Forskargrupper Forskarskular Rettleiar
	Systematisk oppfølging av tilsvarande planar	Rettleiar Forskingsleiar Forskarskular
	Oppmuntring av stipendiatane om å reisa ut i ramme av lærarutveksling (t.d. ERASMUS+). Slike opphald kan inngå i pliktarbeidet.	Forskingsleiar Rettleiar
	Mål: utanlandsopphald er lagd inn i framdrifts- og pliktarbeidsplanane til alle stipendiatane	Forskingsleiar Forskingsadm.

Rettleiing og institusjonell oppfølging

Innsatsområde	Hovudaktivitetar	Ansvarleg
Rettleiing: Normalt to rettleiarar	Ta opp temaet med siderettleiar med kandidat og hovudrettleiar tidleg i doktorgradsperioden	Forskingsleiar
	Oppretthalda ordninga med honorar til ekstern siderettleiar	Instituttet
Rettleiaropplæring	Informera om og oppmoda rettleiarar om å ta relevante kurs/e-læringskurs	Forskingsleiar Forskingsadm.
	Skipa til <i>Rettleiarforum</i> ved LLE minst ein gong per semester	Forskingsleiar Forskingsadm.
Institusjonell oppfølging	Kvalitetssikring av ph.d.-prosjekt tidleg i doktorgradsperioden	Ph.d.-kandidat Rettleiar
	Kandidaten presenterer prosjektet for forskargruppa tidleg i doktorgradsperioden	Ph.d.-kandidat Rettleiar
	God oppfølging av den årvisse framdriftsrapporteringa	Forskingsleiar Forskingsadm.
	Utvikla rutinar for 1-årsmøte (eit møte med hovudfokus på ph.d.-prosjekt, dvs. fagleg diskusjon på grunnlag av innlevert tekst, samt tematisering av mogleg publisering i ph.d.-fasen, internasjonalisering, pliktarbeid, administrative aspekt)	Forskingsleiar Forskingsadm. (til FFU)
	Utvikla midtvegsevalueringa slik at ho vert meir fagleg	Forskingsleiar Forskingsadm (til FFU)
	Medarbeidarsamtalar med stipendiatane	Forskingsleiar
	Møte med kandidat og rettleiar 3 månader før doktorgradsperioden går ut for å sikra «flyt» i sluttfasen av prosjektet	Forskingsleiar Forskingsadm.
	Alle stipendiatane får høve til å ha meisterklasse	Instituttet

Pliktarbeid

Innsatsområde	Hovudaktivitetar	Ansvarleg
Planlegging og oppfølging av pliktarbeid	Sikra planlegging av pliktarbeidet i samråd mellom kandidat, rettleiar, fagkoordinator og instituttet	Rettleiar Forskingsleiar Forskingsadm.
	Utvikla liste med «moment» som kan vera nyttige for alle partar i planlegginga av stipendiaten sitt pliktarbeid	Forskingsleiar Forskingsadm (til FFU)
	Utvikla retningslinjer med tanke på å sikra at kandidatar får lik utteljing i pliktarbeidet på tvers av faga ved instituttet	Forskingsleiar Forskingsadm. (til FFU)
	Utvikla system for rapportering av pliktarbeid for stipendiatar	Forskingsleiar Forskingsadm. (til FFU)

SAK 22 Orienteringssaker

a) Status for arbeidet med vurdering av søkjarar til 4 stipendiatstillinger

Komiteen si innstilling vart sendt til søkjarane fredag 10. november. Det skal etter planen gjennomførast intervju med søkjarane i veke 49.

b) Open access – Orientering frå [Universitetsbiblioteket sitt seminar 26. oktober om open tilgang til forskning.](#)

Seminar om åpen tilgang til forskning, 26. oktober. Arrangør: Universitetsbiblioteket

Viserektor ved UiB Robert Bjerknes: «UiB og åpen tilgang til forskningsresultater»

- Forskning er et samfunns gode, som skal være tilgjengelig for alle
- Åpen tilgang vil kunne bidra til økt kvalitet og økt nytte av forskningen
- UiB dekker utgifter til åpen publisering, det er satt av 5,5 millioner kr. i 2017
- Deponering i Bora («vitenarkiv»)
- utfordringer knyttet til:
 - Abonnementsbarrierer
 - Tradisjonell publisering
 - Deponering, jf. Bora
 - Finansiering
- Store forskjeller mellom fagmiljøer. Mest vanlig med åpen publisering på Medodot, minst vanlig på HF, SV og Juss
- det legges opp ikke til retningslinjer eller insentiver som gir føringer for den enkelte forskers valg av publiseringskanal eller som gir vesentlig merarbeid for forskerne
- UiB vil utvikle en overordnet, felles publiseringsstrategi. Det vil bli satt et eget utvalg for å utarbeide en strategi, med Margaret Hagen som leder.

Rådgiver Sigrid Tollefsen, Kunnskapsdepartementet: «Nasjonale mål og retningslinjer for åpen tilgang til vitenskapelige artikler»

- Innen 2024 skal alle norske vitenskapelige artikler finansiert av offentlige midler være åpent tilgjengelige. Norge skal være en pådriver
- Både forskere, fagmiljøer, forskningsinstitusjoner, forskningsfinansierende institusjoner og myndigheter må bidra.
- Fagmiljøene forventes særlig å bidra gjennom sine nasjonale og internasjonale nettverk for å fremme åpen vitenskapelig publisering, og for å vende viktige tidsskrifter på sine fagfelter fra å være lukket til å bli åpne.
- Forskere skal undersøke mulighetene for å publisere sine artikler i åpne tidsskrifter og velge åpne tidsskrifter der det er faglig forsvarlig.
- Alle vitenskapelige artikler basert på offentlig finansiert forskning skal deponeres i et egnet vitenarkiv senest ved publiseringstidspunktet.
- Institusjoner som finansierer forskningsprosjekter, skal bidra til å dekke kostnader til åpen publisering. For forskningsutførende institusjoner vil kostnader til åpen publisering inngå i budsjettene for forskningsaktivitet på linje med kostnader til annen nødvendig virksomhet.

- Realisering av nasjonalt vitenarkiv skal utredes.
- Deponering av artikler i vitenarkiv lokalt eller nasjonalt vil bli en forutsetning for at artiklene skal telle i den resultatbaserte finansieringen.
- Funksjonaliteten for deponering av deponering av artikler via Cristin skal forbedres.

Dekan Jørgen Sejersted, «Humanioraspørsmål»

- Har publiseringsreformene bakgrunn i humaniorafeltets situasjon, er lesetilgang et problem i humaniora?
- Uklart og motsetningsfylt forhold mellom tellekanter og Åpen tilgang
- Hadde vi ikke et godt system før tellekanter og open access, skaper ikke reformene bare nye problemer?
- Hvordan ivareta forlagets kvalitetssikring, er det mulig å ivareta kvalitetskontroll i Åpen tilgang?
- Blir publiseringsbetaling et problem i humaniora?
- Hva er konsekvensene av publiseringsbetaling, kan det bli at de «rike» blir trykket?
- Er det hierarkiløse vitenarkivet navigerbart?
- Er det mulig å unngå byråkratisering?
- UiB ga et positivt høringssvar på betingelse av at fagområdene blir behandlet likt, og at systemene ikke belaster forskeren. Er det mulig?
- Mye er fortsatt uklart:
 - Utydelig økonomi, kan abonnementsmodellen videreføres?
 - Det forutsettes overnasjonal enighet.
 - Mange fagfelt har ikke gode kanaler for Åpen tilgang
 - Uklart om embargotider og vitenarkiv
 - Automatisk deponering bør etterstrebes
 - Deponering av artikler i vitenarkiv er ressurskrevende
 - Systemet omfatter ikke monografier og antologier
 - Krevende med oppstart av nye tidsskrift som skal rangeres høyt.
 - Hvordan opprettholde norm for tidsskriftkvalitet?
 - Kan forskere fra lavinntektsland bli utelukket fra publisering?

c) Frihumsam 2018 er lyst ut: Søknadsfrist 25. april.

Det vil si, den ligger ute på NFRs nettside som en planlagt utlysning der en kan orientere seg om generelle føringer: <https://www.forskningsradet.no/no/Utlysning/FRIHUMSAM/1254029926134>
Utlysningen blir gjort aktiv 14. mars, og da kan en etablere søknad fra NFRs hjemmeside.

En kan søke om midler til følgende aktiviteter: forskerprosjekt, prosjekt for unge forskertalenter mobilitetsstipend og arrangementsstøtte.